

# REIGSTAD BYGG & EIGEDOM AS

Heilskapsløysing med kvalitet i fokus

Klage- tiltak B

Gnr/bnr 59/2

Lindås kommune  
v/byggesak  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

## KLAGE PÅ VEDTAK- tiltak B (adm sak. 319/15)

Vi viser til vedtak datert 17.07.2015, motteke på epost 20.08.2015.

**Vi klager hermed på pkt. 6 i vedtaket og ber om at dette vert endra, eller fjerna.**

### pkt. 6 lyder:

*Det skal dokumenterast med fotos at anlegget er som vist på situasjonsplanen med totalt 26 båtplassar.*

Vi reagerer på punktet då forholdet til totalt tal båtplassar ikkje har vore tema i saka tidlegare, og ikkje er nemd i dispensasjonssaka, rammeløyve, eller i andre dokument i saka.

Eksisterande anlegg er heller ikkje ein del av byggesaka, då det vert søkt om løyve til tiltak B1,- 3 plassar og B2,- 6 nye plassar. Situasjonsplanen speglar og dette då denne ikkje seier noko om tal plassar eller dimensjon for eksisterande anlegg, der dette berre er nemnd som "eks. flytebrygge".

### Stoda i dag.

Det er pr i dag 28 plassar i eksisterande anlegg, tal plassar og storleiken (bredde) varierer noko over tid, då mellom anna i høve til båtstorleik, og kor stor plass den enkelte brukar ønskjer.

Det totale tal plassar pr i dag er difor 28+6+3 som vert 37.

Dersom kommunen ønskjer det kan vi i samband med ferdigattest sende inn situasjonsplan som viser korleis stoda er på det aktuelle tidspunktet.

**Vi ber om at vedtaket pkt.6 vert endra eller fjerna.**



Kjell Reigstad  
Ansvarleg søkjar  
Reigstad bygg og eigedom as